



**RINGREVAR:** Jan Eggum og Halvdan Sivertsen har til saman 80 års erfaring frå scene og landeveg med seg i bagasjen. (Pressefoto)

## Eggum og Sivertsen kjem til Lindåshallen

LINDÅS: 31. august kjem to av våre mest folkekjære artistar på scena i hallen.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

– Det blir ein perfekt avslutning på konsertsommaren, seier Viggo Randal, som er ein av initiativtakarane til konserten.

Dei to artistane har til saman om lag 80 år på scena og på landevegen bak seg, 20–30 plateutgjeingar og langt fleire hits på samvitet. Dei utgjer også halvparten av ein av tidenes største norske musikkalske show-suksessar – Gitarkameratene.

Eggum & Sivertsen presenterer eit program av tidlause

slagerar som “Kjærlighetsvisa”, “På an igjen”, “En natt forbi”, “Sommerfuggel i vinterland” og mange fleire.

### Fleire storkonsertar

– Dette er første gong vi arrangerer noko her, og vi håper publikum tar godt i mot tilbodet. Lindåshallen er jo ein ypparleg plass for å laga konsertar gjennom heile året, og lukkast det denne gongen, så kan det bli fleire storkonsertar her, seier Randal.

– Vi håper denne konserten kan gå fram som eit godt eksempel på konserttilbodet i Nordhordland elles i året.

Etter konserten spelar Kystfolket til dans.

## Utvandrarfestival på Sletta i helga

RADØY: Lørdag er det igjen klart for utvandrarfestival.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

Vikingbataljonen var den norske Bataljonen som var ein del av dei amerikanske styrkane i Europa. Den heiter offisielt The 99th Infantry Battalion, og var med og kjempa for eit fritt Europa og Noreg i 1944–45.

Under Utvandrarfestivalen på Sletta den 6. juli vert norske bragder i Amerika minna med ein seremoni som gjev eit blikk attende til utvandrarane sin historie.

Under seremonien vert det også ei høgtideleg kransened-

legging på dei mange bautaene på Utvandrarsenteret; på minnesmerket over vikingbataljonen, minnesmerket over krigssegjarane, minnesmerket over præriepresten frå Radøy, og dei andre minnesmerka over personar som har gjort Norge kjend i Amerika.

– Det er viktig med godt framfote på Utvandrarfestivalen, viktig for å gjera denne attraksjonen i Nordhordland kjend, og ikkje minst kjekt og interessant for dykk sjølve, seier krigsveteran John Pettersen, som oppfordrar alle interesserte til å møte opp og gjera dagen til ein folkefest.

### Mista lappen etter aktaus køyring

LINDÅS: Ved ti-tida mandag formiddag hamna ein bil utfor vegen ved Kjevikkalden. Bilføraren mista kontroll over bilen, og etter ein nesten-kollisjon med møtande bil vart bilen ståande i grøfta.

Politiet tok beslag i førarkortet til billisten på grunnlag av aktaus køyring, noko føraren av bilen godtok.

### Har noko tips om stolen båt?

KNARVIK: I helga fann politiet ein båt med ein 40 hk Yamaha påhengsmotor ved ferjekaien i Knarvik. Båten viste seg å vera stolen frå Austevoll og er levert tilbake til den rettmessige eigaren.

Politiet ønskjer no tips frå dei som kan ha sett nokon aktivitet rundt båten medan den låg til kai i Knarvik.



### To mista lappen i Masfjorden

MASFJORDEN: To bilførarar vart fotgjengarar etterat UP gjennomførte fleire kontrollar langs E39 i distriktet i helga. Ein vart målt til 94 km/timen i 60-sona på Haugsvær. Ein annan vart målt til 123 km/t i 80-sona i Romarheimsdalen. 15 andre bilistar heldt så pass høg fart at dei vart bøtelagte, men utan at dei slapp å gje frå seg sertifikatet.

# Mista livet i tragis

LINDÅS: Det var 26 år gamle Steinar Angelskår som døydde i ei arbeidsulukke på Oster Pukk og Sand søndag kveld då han kom i klem på eit transportband.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

Mannen jobba åleine ved eit av transportbanda som fraktar stein og grus på anlegget på Eikefet, og det var ingen vitne til den tragiske ulukka.

Politiet har hatt fleire av dei tilsette på skiftet inne til avhør, men har enno ikkje komme noko nærare kva som kan ha forårsaka ulukka.

### Etterforskar vidare

– Han har truleg arbeidd på bandet med noko, men vi må etterforska dette vidare, seier politiførstebetjent Kurt Inge Hordvik ved Nordhordland politidistrikt.

– Han starta skiftet sitt klokka 14, og har truleg lagt ei stund på bandet før han vart funnen, seier Hordvik.

Det var arbeidskollegaer av den omkomne som fann mannen og varsla om ulukka.

– Han møtte ikkje opp til matpausen, og vart etterlyst av kollegaer. Då han ikkje svara gjekk dei for å undersøka, og oppdaga kva som hadde skjedd, seier Hordvik.

### Vert ivaretekne

– Dei tilsette er tekne hand om av verksemda og bedriftshelse-tenesta, dette er sjølsagt tøft for dei som var på jobb då ulukka hende, seier konstituert lensmann ved Nordhordland politidistrikt, Kjell Idar Wangberg.

Kriminalteknikarar var på staden og gjorde sine undersøkingar søndag kveld, saman med manskaps frå lokalt politi. Undersøkingane på staden vart avslutta like over midnatt.

– Åstadsundersøkingane er



gjort, og den omkomne er sendt til Gades Institutt for rutinemessig obduksjon, opplyser Wangberg.

Mandag var arbeidstilsynet på staden saman med politiet.

– Vi hadde samtalar med

leiinga for knuseverket, og saka vert etterforska som ei arbeidsulukke på vanleg måte, seier Wangberg.

Mannen som omkom har jobba ved Oster Pukk og Sand i fleire år, og er heimehøyrande i Lindås.

## Båt frå Austrheim til Utkant

AUSTRHEIM: Utkant gjentek suksessen frå i fjor og set opp eigen båt frå Mastrevik til Skjerjehamn.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

Dette gjer dei i samarbeid med ein engasjert Austrheim-ordførar Per Lerøy. Saman med regionrådet i Nordhordland, garanterer Austrheim kommune for inntil 12.500 kroner av eit eventuelt underskot.

Lerøy meiner det er viktig og

riktig å knyta kommunane saman gjennom kulturarrangement som Utkantfestivalen, og ønskjer å gi eigne innbyggjarar og andre frå regionen lettare tilgang til det som skjer hos naboane. Dette er musikk i øyra til ein av dei sentrale arrangørane, Njål Wilberg.

### Spreie godstemning

– Når ungdommane våre framleis får gå på vidaregåande skule i Mastrevik, er det fantastisk at ordføraren i Austrheim vil senda sine ungdommar til Utkant. Vi

likar at ordføraren bidreg til å spreia god stemning og rock over fylkesgrensene, seier Wilberg.

Øvst på plakaten i år står Turboneger, Big Bang, Karpe Diem og Jonas Fjeld. Programmet strekkjer seg over tre dagar frå 25. juli til 27. juli, og båtruta er lagt opp slik at gjestane får med seg heile programmet når dei først tar turen.

Båttillett får gjestane kjøpt om bord, festivalpass og dagsbillettar kan kjøpast ved ankomst i Skjerjehamn eller på Billettservice på førehand.